

Sportsleg årsrapport 1995

VTI Fotball - Damer/ damer junior

Oppmann: Birger Breivik

Trenarar: Arve Lidarende
Jimmy Gonzales (til feb)
Kai Raaberg (frå mars)

◆Stallen (felles for damer og damer jr.) starta med ca.25 spelarar, og dette talet minka til under 20 i haustsesongen. Grunnen var stort sett flytting (skulegang).

◆Hittil i år (frå 12.2) har vi hatt 91 treningar. Treningsframmøtet har variert mykje, ein del har vore trufaste gjengangarar, medan ganske mange har møtt meir sporadisk.

◆Vi har spelt 15 seriekampar for damer, 9 seriekampar for damer jr. og 5 treningskampar, forutan nokre meir uhøgtidelege treningskampar mot fleire av gutelaga. I kampstatistikken har vi berre talt med dei 29 "offisielle" kampane mot andre klubbar.
Som vedlegg ligg ei oversikt over antal kampar for dei ulike spelarane.

◆**Resultata** har vore:

Damelaget kom på ein klar 2.plass i 3.divisjon . (Herd rykte opp i 2.div.)
Damer jr. kom på 3.plass i sin serie.

Damelaget vann Volda-cupen (januar).
Damelaget kom på 2.plass i Fræna-cupen i februar.

Inne-KM for damer står att før sesongen er slutt. (Stranda, 25.-26.11)

◆Toppscarar (serien) har vore Ingvild Lidarende, med 24 mål (på 25 seriekampar).

◆På kretsplan har desse spelarane vore inne i trenings- og kampsamanheng:

Ingvild Lidarende, Nina Karin Mo, Åshild Digernes Stave og Lene Håskjold (junior, 18 år)
Lisbeth Engjordet og Olaug Bjørneset (jenter, 16 år)
Ingvild Lidarende har også vore på samlingar for såkalla forbundstalent.

Dette var **ein sportsleg faktarapport**. Dersom fotballstyret vil ha våre vurderingar når det gjeld vilkåra rundt damelaget og damefotballen, ber vi om at det vert teke kontakt.

Volda, 12.11.95,

Arve Lidarende

Kai Raaberg